



ÅLESUND KOMMUNE

VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR

Vedtektene gjeld barnehagar som Ålesund kommune eig, og inneheld generelle føringar om drift og anna informasjon som gjeld forholdet mellom føresette og barnehagane.

Vedtektene for dei kommunale barnehagane er vedtekne i Ålesund kommunestyre 27.05.21 og er gjeldande frå 01.08.21.

1. Eigartilhøve

Ålesund kommune eig og driv barnehagane i samsvar med Lov om barnehager, *heretter referert som Barnehageloven*, forskrifter og retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet, samt kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage.

2. Føremål og innhald

Barnehagane skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (Barnehageloven § 1 Formål).

Barnehagane skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, og på verdigrunnlaget som er fastsett i Barnehageloven og FN sin barnekonvensjon. Barnehagane skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmestring og helse. (Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver kap. 1).

Barnehagetilbodet i kommunen skal ha likeverdig kvalitet, samtidig som det skal vere rom for lokale tilpassingar.

Årsplan: Ved kvar barnehage skal det utarbeidast ein skriftleg årsplan for innhald og organisering av barnehageåret. Denne skal vere i tråd med overordna rammeplan og kommunens strategidokument. Verksemdsleiar er ansvarleg for at årsplanen vert utarbeidd.

3. Barn og foreldre sin medverknad

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval. Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker vert lagt fram for samarbeidsorgana. (Barnehageloven § 4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg).

Ålesund kommune utarbeider egne retningslinjer for arbeid i samarbeidsorgana i barnehagane.

Barn i barnehagane har rett til å gje uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen, og i saker som gjeld dei sjølve. (Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste). Barnehagane sine årsplanar skal synleggjere korleis dette vert arbeidd med.

4. Tilbod, opningstid og ferie

Eit barnehageår er frå 1. august eitt år til og med 31. juli året etter.

Barnehagane tilbyr tre-, fire- og fem dagars plass (60 %, 80 % og 100 % plass). Barnehagen er open alle kvardagar, med unntak av:

- Fem planleggingsdagar fastsett i barnehageruta
- Julaften, nyttårsaften og frå kl. 1200 onsdag før skjærtorsdag
- Inntil tre veker stengt i samband med ferie. Det vil gå fram av barnehageruta til den ein skilde barnehage kva for veker dette gjeld.

Alle barn skal ta fire veker ferie i løpet av eit barnehageår, der minimum tre av vekene er samanhengande i sommarmånadene. I tillegg kjem planleggingsdagar, julaften og nyttårsaften. For barn som avsluttar barnehageopphaldet innan 31.juli, skal all ferie takast innan utgangen av juli.

I samband med skulen sine feriar kan barnehagen kartlegge behovet for å kunne gjere lokale tilpassingar i opningstid.

Ut frå dette utarbeider verksemdsleiar, i samråd med samarbeidsutvalet, retningslinjer for ferieavvikling for barnehagane i si verksemd om t.d feriestenging, sommaropent, fristar for feriemelding, hovudperiode for ferieuttak, tidsrom for uttak av den fjerde ferieveka

Ordinær opningstid er minimum 9,5 timar per dag i tidsrommet 0645-1700. Tidspunkt for opning og stenging går fram av barnehagerute og barnehagen sine heimesider.

Verksemdsleiar fastset opningstid og eventuell endring i denne i samråd med samarbeidsutvalet.

5. Rett til barnehageplass

Rett til barnehageplass er regulert i Barnehageloven § 16. Rett til plass gjeld dersom følgjande kriterie er oppfylt:

- Barnet er busett i kommunen ved oppstart i barnehagen.
- Det vert søkt innan fristen for hovudopptak.
- Barn som fyller eitt år seinast i november.

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august, har rett til plass frå opp start av barnehageåret.

Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november, har rett til plass frå den månaden det fyller eitt år.

I hovudopptaket vert det tildelt plass frå den månaden retten trer inn, også i dei tilfelle familien ønsker seinare oppstart. Om ein takkar nei til tilbod mistar ein retten til plass, men kan søke på ny og bli vurdert ved supplerande opptak. Ny rett til plass trer inn ved neste hovudopptak.

6. Opptak

6.1. Generelt

Barnehageopptak er regulert av Barnehageloven §§16-18 og forskrift om sakshandsamingsregler ved opptak i barnehage. Alle godkjente barnehagar skal samarbeide om opptak av barn. Ålesund kommune som barnehagemynd er ansvarleg for eit samordna opptak for kommunale og private barnehagar.

Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema som ein finn på www.alesund.kommune.no

6.2. Hovudopptak

Hovudopptaket har søknadsfrist 1. mars, og gjeld barn med rett til plass i tråd med punkt 5 med opptak i perioden 01.08.-30.11.

6.3. Opptakskrets

Opptakskrets for dei kommunale barnehagane er heile Ålesund kommune. Det vert i den grad det er mogleg tildelt barnehageplass i det opptaksområdet barnet er busett.

Ved ledig kapasitet, kan barn frå andre kommunar tildelast plass for eitt år i gongen.

6.4. Opptakskriterier

Kommunen har ansvar for at barn med rett til plass vert prioriterte ved opptak i barnehage.

Barnehageplass vert tildelt etter fylgjande kriterier i prioritert rekkefølge:

1. Barn med prioritet etter Barnehageloven § 18:

Barn med nedsett funksjonsevne og barn med vedtak etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd. Dokumentasjon vert krevd.

2. Barn frå familie med belastning:

Barn frå familiar med store belastningar på grunn av alvorleg sjukdom eller nedsett funksjonsevne hos føresette eller søsken. Dokumentasjon vert krevd.

3. Søsken:

Barn med rett til barnehageplass som har søsken i den ønska barnehagen ved opptak.

4. Overflytting:

Barn som søker overflytting til ny barnehage innad i kommunen.

5. Fleispråklege barn:

Barn der begge foreldre har med anna morsmål enn norsk, samisk, svensk, dansk og engelsk.

6. Ved elles like forhold vert dei eldste barna tildelt plass først.

Når ein familie søker plass for fleire barn ved same opptak vil kommunen tilstrebe å tilby plass til søsken i same barnehage.

6.5. Supplerande opptak

Ved ledig kapasitet, kan det gjerast supplerande opptak med utgangspunkt i kriterier etter punkt 6.4 og barnehagane sine rammer og føresetnader på det aktuelle tidspunktet.

6.6. Klage

Ved hovudopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass. Søkar kan også klage dersom verken første eller andre ønske vert innfridd.

Ved supplerande opptak gjeld klagerett kun for søkjarar med lovfesta rett til prioritet etter Barnehageloven § 18.

Klage må sendast skriftleg til Ålesund kommune innan tre veker.

7. Oppseiing av plass

Barn som vert tildelt ein barnehageplass, beheld plassen til og med 31.07. det året barnet startar i skule eller til plassen vert sagt opp.

Ved oppseiing av plass gjeld følgjande:

- Oppseiingstid er minimum to månader frå oppseiingsdato. Dette gjeld òg om plassen ikkje er tatt i bruk og om ein endrar type plass.
- I oppseiingstida vert det krevd foreldrebetaling og plassen kan disponerast.
- Oppseiing skal registrerast elektronisk i Foreldreportalen.
- For plassar som vert sagt opp med verknad frå og med 01.04 vert det krevd betaling ut barnehageåret til og med 31.07.

Det kan gjerast unntak dersom plassen vert tatt imot av andre barn i oppseiingstida.

Kommunen kan seie opp ein barnehageplass ved manglande foreldrebetaling. Ved flytting til en annan kommune, beheld barnet plassen ut gjeldande barnehage år. Ved hovudopptak vert barnehageplassen automatisk sagt opp om ein takkar ja til overflytting til anna kommunal eller privat barnehage i Ålesund.

8. Foreldrebetaling

Foreldrebetaling er regulert i Barnehageloven §20 og «Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar». Staten sin maksimalpris for foreldrebetaling gjeld i kommunen sine barnehagar. Foreldrebetaling vert vedteke i kommunestyret kvart år og følgjer kalenderåret. Det vert krevd betaling for 11 månader i året, der juli er betalingsfri. Betalingsfrist er 20. kvar månad.

Søskenmoderasjon er 30 % for barn nr. 2 og 50 % for barn nr. 3 eller fleire. Søskenmoderasjon vert også gitt der søsken går i ulike barnehagar.

Betaling for kost kjem i tillegg. Satsar for kost skal fastsetjast med utgangspunkt i sjølvkostprinsipp.

Kommunen følgjer nasjonale reduksjonsordningar, og det kan søkjast om reduksjon i foreldrebetaling. Sjå kommunen sine heimesider for meir informasjon.

Manglande foreldrebetaling gjev grunn for oppseiinga av plass. Kommunen sine interne rutinar for innkrevjing gjeld.

9. Internkontroll

Internkontroll er regulert i Barnehageloven § 9 og skal sikre at krav i barnehagelova med forskrifter følgast. Barnehagane sin internkontroll er ein del av Ålesund kommune sitt heilskaplege internkontrollsystem, og skal tilpassast barnehagen sin størrelse, eigenart, aktivitet og risikotilhøve.

10. Arealutnytting

Barnehagane følgjer Kunnskapsdepartementet sine rettleiande normer på minst 4 m2 leike- og opphaldsareal per barn over tre år, og minst 5,3 m2 for barn under tre år.

Uteområdet skal vere seks gongar leikearealet inne.

11. Personalet

Barnehagane skal ha bemanning i tråd med Barnehageloven §§ 24-26 og forskrift om pedagogisk bemanning. Dette regulerer krav til styrar, pedagogisk bemanning og grunnbemanning.

Krav til personal i høve norskferdigheiter, klesplagg som heilt eller delvis dekker ansiktet, politiattest, teieplikt og opplysningsplikt vert regulert i Barnehageloven §§ 27-30, §§ 44-46

12. Forsikring

Kommunen har teikna kollektiv ulykkesforsikring for barna i barnehagane. Forsikringa gjeld personskade på direkte veg til og frå barnehagen, innanfor barnehageområdet og på turar arrangert av barnehagen innanfor opphaldstid.

Forsikringa gjeld ikkje skade på eigedelar som til dømes briller, klede og vogn.

13. Helsekontroll

Før eit barn startar i barnehage, skal det leggest fram ei erklæring om barnet si helse i tråd med Barnehageloven § 30. Dersom barnet har møtt til dei ordinære undersøkingane ved helsestasjon, kan slik erklæring gis av føresette på eige skjema. Dersom ikkje, må føresette legge fram helseattest frå lege.